

## TRIVSELSREGLAR VED SKEI SKULE

Skulen sin visjon skal vere ei rettesnor for alle

***SJÅ, OMFAMNE OG UTFORDRE***



**Det overordna ordensreglementet i Sunnfjord kommune ligg til grunn for det lokale trivselsreglementet ved Skei skule**

Trivsels- og ordensreglane skal vere ei hjelp til å fremje eit godt læringsmiljø og gode samværsformer mellom dei ulike gruppene på skulen; elevar, lærarar og andre tilsette.

- Alle klasser skal ha sine egne klassereglar/sosiale mål.
- For at skulen skal bli ein triveleg og trygg stad må alle vise/ha:
  - positive haldningar.
  - omsorg, respekt, ansvar og toleranse overfor kvarandre.
  - unngå banning og anna upassande språk.

**Alle elevane har rett til:**

- å bli kjende med skulen sine lover og reglement

- å kjenne seg trygge på skulevegen/ på skulebussen og på skulen, både i timane og i friminutta.
- å få arbeidsro i timane, slik at ein får størst mogeleg utbytte av undervisninga.
- å ha det ryddig og triveleg kring seg i klasserommet og elles på skulen.
- få ha tinga sine i fred.
- å få avtale tid dersom du treng samtale m/ lærar, rådgjevar/sosiallærar eller helsesjukepleiar
- alle har rett til å bli kjende med skulen sine lover og reglement.

### **Alle elevane har plikt til å:**

- hjelpe til med å skape eit triveleg miljø
- vise respekt og forståing for alle som er i skulen, eller på skulevegen.
- vise ansvar for skulen og andre sin eigedom.
- erstatte ting vi øydelegg fordi vi er uforsiktige eller rotar dei bort.
- vere på skulen sitt område i skuletida, og møte presis til timane.
- utføre dei oppgåvene skulen legg på dei etter beste evne, og følgje skulen sitt reglement

### **Orden:**

- Elevane på Skei skule skal møte presis på skulen om morgonen, og vere presis til alle timane og aktivitetane i løpet av dagen.
- Elevane skal ha med seg skulesaker og nødvendig utstyr for skuledagen, og utstyret må vere i orden.
- Elevane skal gjere arbeidet dei vert pålagt så godt dei kan og til rett tid.

### **Åtferd:**

- Elevane skal nytte tryggaste veg til og frå skulen. Skulen oppmodar om at elevane brukar hjelm når dei sykklar.
- All bruk av tobakk, snus og rusmiddel er forbode på skulen.
- Snop, brus og energidrikk skal ikkje nyttast i den vanlege skulekvardagen.

- Mobiltelefon og smartklokker skal ikkje nyttast i skuletida. Elevar som har med mobiltelefon til skulen skal levere denne inn ved oppstart 1. time. Dersom elevar ikkje ynskjer å levere inn telefonen, må den ligge att heime. Telefonen kan ved særskilte høve nyttast etter avtale med lærar.
- Snøballkasting er berre lov på tilviste plassar på skulen.
- Når skulen arrangerer skidag eller aktivitet på skøyteisen skal elevane nytte hjelm.

Brot på reglement – etter gjeldande retningslinjer i forskrift til ordensreglement for Sunnfjord kommune (§9-§12)

Reglar for friminutt i hallen:

1. Alle må ha på skor i hallen
2. Mat og mjølk/jus skal vere igjen på klasserommet
3. Du kan ha med vassflaske om du treng drikke
4. Brusautomaten skal få vere i fred
5. Vi spyttar ikkje på kunstgraset
6. Bruk av utstyret til idrettslaget må berre skje etter avtale
7. Vi legg utstyret til skulen opp i korga etter kvart friminutt
8. Vi set måla på plass etter siste friminutt
9. Vakta skurr av lyset i hallen etter siste friminutt (brytar ved brusautomat)